

SAK 47/12 «HISTORIA OM HALLINGDAL»

Saksopplysning

I tillegg til å vurdere eit regionalt samarbeid i samband med markeringane i 2014 er det kome opp ein ide om å skrive ei regionhistorie om Hallingdal.

I sak 29/12 gjorde Regionrådet for Hallingdal slikt vedtak:

- 1. Regionrådet for Hallingdal ser positivt på å få til eit regionalt samarbeid i samband med markeringane i 2014. Regionrådet ber dagleg leiar i samarbeid med Knut Medhus, om å arbeide vidare med ei skisse for regionalt samarbeid i samband med markeringane i 2014.*
- 2. Regionrådet for Hallingdal støttar ideane om at det blir skrive ei regionhistorie om Hallingdal og ber dagleg leiar i samarbeid med Knut Medhus om å arbeide vidare med planane om eit bokprosjekt.*
- 3. Til møte i Regionrådet 24.8 er det ynskjeleg at det er utarbeida nærare prosjektskisser for pkt. 1 og 2.*

I forhold til pkt.1 blir det arbeidd med saka, men det kan førebels ikkje leggst fram nokon prosjektskisse. I samband med dette punktet var ei av avklaringane finansiering. 200- års jubileet skal vera ein nasjonal dugnad i pakt med 17-mai tradisjon og tiltak og prosjekt skal finansierast over dei ulike institusjonar sine ordnære budsjett. Stortinget og Hovudkomiteen for grunnlovjubileet disponera derfor ingen søknadsmidlar.

Når det gjeld pkt.2 og ideane om ei regionhistorie om Hallingdal, har det vore arbeid vidare med dette punktet. Sentrale spørsmål i vurderingane har m.a. vore:

1. Kvifor ei regionhistorie om Hallingdal
2. Forankring
3. Omfang
4. Forfattar
5. Finansiering
6. Gjennomføring

Vurdering

Det finst inga samanfattande historie om Hallingdal.

I 1914 vart det lansert ein stor plan for kommunale historier. Men berre eit fåtal kommunar såg seg i stand til å gjennomføre det. Flå, Nes og Hemsedal fekk til noko. Nå er det gått hundre år til. Då må perspektivet vere eit anna. Ut frå Hallingdal si historie og som ein klart definert region kunne ei regionhistorie vore på sin plass. Det er og eit sagn i mange samanhengar, både politisk, i reiselivet og i næringslivet elles at me ikkje har boka om Hallingdal. Historia om Hallingdal vil og passe godt inn i det vidare arbeidet med Hallingdal 2020. Med ei samla historie om Hallingdal vil me også auke forståinga for Hallingdal for komande generasjonar og for folk utanfor Hallingdal.

Historia om Hallingdal bør ha ein raud tråd som verkar samlande for dalen, ikkje berre geografien. Og det vil vera avgjerande at dette er ei bok som innbyggjarar i Hallingdal ser verdien av, uavhengig om ein er flåværing eller holing. Samtidig som regionen har hovudfokus, må kvar kommune komme til sin rett ved at ein hentar eksempel og illustrasjonar frå ulike kommunar.

Hallingdal er ein spennande region, som dekker lågland og høg fjell med heile spekteret av næringsliv innimellom. Og Hallingdal kan fungere som ein "eksempel-region" i Innlands-Norge. Her har det altså vore lite fokus på felles symbolpolitikk, men meir på tiltak som kommunane har vore i lag om.

Det vil bli viktig med eit gjennomdrøfta og medvite val av sjanger og innhald. Kva type historie som blir prioritert kan gje viktige kulturpolitiske signal til lokalbefolkninga og omverda. Anten det er tilsikta eller ikkje frå forfatters og utgjevars side, vil den lokalhistoriske litteraturen gjere sitt til å gje regionen profil og identitet. Og kva slags "image" ein stad bør ha, kan det som kjent rå ulike meiningar om.

Det er her positivt at alle historielaga i Hallingdal ser positivt på bokprosjektet og kan vera aktive medspelarar (sjå vedlegg 1).

Det er og positivt at Kåre Olav Solhjell, som forfattar og historikar har sagt seg interessert i å kunne bli engasjert for å skrive boka om Hallingdal. Kåre Olav Solhjell kjenner Hallingdal svært godt og har m.a. skrive:

- Bygdebøkar for Hol og Nore og Uvdal kommunar
- Historia om Lien Landbruksskule i Ål og
- Lys og kraft i 75 år. Ål kraftverk 1914-1989.
- Øydegard og rudning. Trekk frå bustadshistoria i Hallingdal ca. 1350 - 1700.
- Krigsåra i Hallingdal 1940-45
- Fange-Liv og Fanitullen

Kåre Olav Solhjell har skissert nokre tankar om korleis historia om Hallingdal kan byggjast opp:

- Boka bør byggast opp kronologisk med start i dei eldste tider. Kapitla bør vere korte og poengterte, med eitt hovudfokus i kvar periode eller for kvart tema. Det er t.d interessant å sjå at det er ein moderne industri som kraftutbygging, som har avdekt dalens eldste historie i fjellet. Jernbanen er nok også eit hovudelement i samlinga av dalen.
- Vi må halde regionfokus. - Eit handlingsfellesskap midt i mangfaldet.
- Bør vera bra illustrert, hovudsakleg med materiale frå bygdearkiv og frå lokale fotografar.

Det bør utarbeidast eit eige forprosjekt med m.a. følgjande moment:

- Kronologisk inndeling
- Litteratur- og kjeldeplan.
- Oversyn over føreliggjande litteratur
- Arkivmateriale i offentlege institusjonar og hjå private.
- Innsamlingsstrategi. med særleg vekt på slikt som kan gjerast uavhengig av forfattar.
- Illustrasjonsplan. Utgreiing om kva typar kart, skisser, diagram, og andre "tekniske" illustrasjonar som trengst, og korleis slikt kan skaffast.
- Forfattar og medhjelparar.
- Finansieringsplan og budsjett.
- Framdriftsplan og prosjektorganisering.
- Marknadsføring. Framlegg til distribusjons- og salsstrategi.

Bokprosjektet må ha ei eigen boknemnd som skal fungere som ei effektiv planleggings- og styringsgruppe for prosjektet. Nemnda skal m.a. halde kontakt med forfattaren gjennom regelmessige møter, skal bistå han i arbeidet på dei måtar ein blir samd om, lese alle

manuskript som blir lagt fram. Nemnda skal planlegge og gjennomføre eit tilpassa marknadsførings- og salsopplegg for boka.

Sjølv om ei boknemnda fort kan bli for stor og det ikkje skal vera eit kommunalt fokus, vil det vera ein fordel at alle historielaga i Hallingdal er representert i boknemnda. Eventuell sponsor bør kunne få plass og Regionrådet for Hallingdal må vera representert. Her kan prosjektleiar Hallingdal 2020 vera eit naturleg val og bindeledd. Det kan og vera eit poeng å ha med yngre krefter i deler av arbeidet, både for å drøfte innhald og formgjeving.

Ved vurderinga av økonomi er det sett litt på liknande bokprosjekt i forhold til kostnadssida. Når det gjeld finansiering er følgjande element teke med:

- Direkte off. tilskot
- Sponsorinntekter
- Støttekjøp
- Sal

Førebels budsjett

Utgifter

• Lønskostnadar inkl. sosiale utgifter	kr. 560.000
• Assistenthjelp, fagleg konsulenthjelp	kr. 20.000
• Manusvask, kontroll, korrektur	kr. 20.000
• Kontorutgifter	kr. 20.000
• Andre adm.utg. (møte og reiser for nemnd, prosjektleiing etc.)	kr. 30.000
• Arkiv- og museumsbesøk - reiser	kr. 20.000
• Innkjøp av foto, utarbeiding av kart o.a. illustrasjonar	kr. 50.000
• Formgjeving, biletbehandling, trykking, innbinding. Opplag 3000.	kr. 250.000
• Marknadsføring	<u>kr. 30.000</u>
Sum utgifter	<u>kr.1.000.000</u>

Inntekter

Offentlege direkte tilskot, forskotering	kr. 240.000
Sponsorinntekter	kr. 200.000
Støttekjøp frå kommunane	kr. 160.000
Salsinntekter, fyrste året 1000 eks. à kr. 400	<u>kr. 400.000</u>
Sum	<u>kr.1.000.000</u>

Det kan vera naturleg at Regionrådet for Hallingdal står for utgjevinga av boka. Aktuell lanseringstidspunkt vil vera hausten 2014.

I samband med ei bok om Hallingdal må det og stillast spørsmål som:

Kvifor denne boka, har me ikkje nok bøker om Hallingdal som berre blir lese av eit fåtal og som raskt mistar interesse? Kva gjer denne boka spesiell?

Dagleg leiar har stor tru på at "Historia om Hallingdal" skal bli ei bok som har almen interesse (kvar husstand og hytte i Hallingdal har boka). Og det skal vera ei bok som er nesten like aktuell om 20 år, som i dag. For å lykkast er det avgjerande at boka får eit innhald som er av allmenn interesse, for hallingar flest.

Forslag tilvedtak

1. Regionrådet for Hallingdal vil arbeide for at det blir skrive ei regionhistorie om Hallingdal og vil stå for utgjevinga av boka.
2. Regionrådet tek ansvaret med å:
 - a) avklare finansiering
 - b) etablere boknemnd
 - c) engasjere forfattar
3. Det er ei klar målsetting at "Historia om Hallingdal" skal vera klar hausten 2014.
4. Regionrådet for Hallingdal oppmodar kommunane i Hallingdal til eit støttekjøp av boka "Historia om Hallingdal", i eit antal tilsvarande 2% av folketalet.
5. Regionrådet for Hallingdal løyver kr. 240.00 til boka "Historia om Hallingdal". Midlane blir teke frå disposisjonsfondet. Inntekter frå sal av boka skal attendeførast til disposisjonsfondet.

Ål 16.9.2012

Knut Arne Gurigard
Dagleg leiar

Vedlegg: Brev frå historielaga i Hallingdal, juni 2012

SAK 47-12, VEDLEGG 1

Regionrådet for Hallingdal

V/Knut Arne Gurigard

3570 ÅL

SOGA OM HALLINGDAL.


Historielaga i Hallingdal ber med bakgrunn i eit initiativ frå Hol historielag om at Regionrådet tek opp til drøfting spørsmålet om å få til ei samla historie for Hallingdal. Vi veit at Kåre Olav Solhjell er ledig for eit slikt oppdrag frå nyttår, og det hadde vore svært passande å ha den fyrste fellessoga om Hallingdal klar til det store grunnlovsjubileet 2014, noko me meiner kan la seg gjera ved å koma i gang frå nyttår 2013.

Det fins bygdebøker og slektsoger for alle kommunane i Hallingdal og det fins også ein del generell historie i bygdebøkene og ein del fragmentert historie om ulike perioder av saga. Men me meiner tida er inne for å få til eit verk som tek for seg saga om dalen samla frå dei aller eldste tider og fram til i dag der alle sider ved historia blir med, politisk, kulturell, geologisk, arkeologisk m.m. Hallingdal står ofte fram som ein region som opptrer samla og derfor får til mykje. Den er på mange måtar også naturleg lagt til rette frå naturen til å vera ein tett samanknytta region. Med ei samla soge om Hallingdal vil me også auke forståinga for Hallingdal for komande generasjonar og for utanforståande.


Me vonar Regionrådet tek tak i dette og ser fram til å vera medspelarar viss de finn det nødvendig.

Hallingdal juni 2012.


For Hol historielag


Knut Medhus

For Nes Historielag



Sigmund Øen

For Flå Historielag



Torgeir Medbøen

Leiar


For Gol historielag


Gudrun Bøthun

For Hemsedal historielag


Syver Hjelman

For Ål historielag


Thor Warberg